



Alexander Pletten Haugvik  
Titlandsvegen 329  
5912 Seim

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/5869 - 23/67481

Saksbehandlar:  
Morten Mangerøy Helland  
morten.mangeroy.helland@alver.kommune.no

Dato:  
30.08.2023

## Retting av grense i matrikkelkartet for gbnr. 129/4 - Alver kommune

Eigar av gbnr 129/4 meiner at eigedomen ligg feil i det digitale eigedomskartet, og har stilt krav om at feilen vert retta.

Eigar av gbnr. 129/4 har laga forslag til grenser. Kommunen har sjekka rettingsforslaget mot skyldskifte/jordskiftekart osv.

### Bakgrunn for saken:

Per i dag 30.08.2023 ligg det i matrikkelkartet ein kai i enden av veggen på gbnr. 129/82 som er kommunen sin eigedom. (Nappevika) Vist på kartvedlegg «Matrikkelkart før retting»  
Grunneigar av gbnr. 129/4 meiner at kaien tilhøyrrer hans eigedom.

### Gjennomgang av dokumentasjon:

Sakshandsamar har gått gjennom innsendt dokumentasjon samt diverse tinglyste dokument og gamle jordskiftekart osv.

Første dokumentasjon i saka er eit jordskiftekart teikna i 1925, vedlegg «Jordskiftekart». Her viser kartet tydeleg at det på det tidspunktet er gbnr. 129/4 som eig kaien.

I 1943 har Johannes R. Titland (Dåverande eigar av 129/4) signert ein erklæring som gjer diverse andre eigarar bruksrett på kaien. Denne erklæringen er tinglyst, og gjer dermed ein klar indikasjon på at gbnr. 129/4 fortsatt var eigar av kaien i 1943. Vedlegg «Erklæring om bruksrett».

Me finn etter dette ikkje noko dokumentasjon som viser at kaien på noko tidspunkt har vert delt i frå eller solgt frå 129/4. Det me veit er at på eit tidspunkt når det digitale eigedomskartet vart laga til har kartverket laga til «fiktive grensen» på alle veggrunnar i heile Noreg, desse er laga til med dårleg kvalitet og kan tidvis vere feil. I 2009-2010 hadde Lindås kommune eit prosjekt der dei gav gårds og bruksnummer til alle desse veggrunnane. Det er på den bakgrunnen gbnr. 129/82 som no viser som eigar av kaien i det digitale kartet er oppretta.

### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no

Organisasjonsnummer: 920 290 922

## Konklusjon:

På grunnlag av gamal dokumentasjon frå 1925-1943 som viser at gbnr. 129/4 vertfall den gang eigde kaien, og mangel på nyare dokumentasjon som viser noko anna, ser me det som sannsynleg at det er feil i det digitale kartet og at det er gbnr. 129/4 som er eigar av kaien. Me oppfatter denne dokumentasjonen som god nok for å gjennomføre retting og foreslår derfor å rette kartet i samsvar med ønskje frå grunneigar av gbnr. 129/4. Forslag til retting er vist med grøn farge i kartvedlegget «Forslag til retting»

Dersom nokon av partane i saka har annan dokumentasjon som viser andre eigarforhold eller er ueinig i denne konklusjonen ber me om at de tar kontakt med sakshandsamar snarast.

Føremålet med rettinga er kun å forbetre kartet og det er grensene i marka og skyldskiftedokumentet/jordskiftekartet som gjeld. Kartet vil også ha usikker kvalitet etter rettinga. Skal grensene få god kvalitet i kartet må det rekvirerast oppmålingsforretning.

Alle relevante naboar/festarar får kopi av dette brevet vedlagt kopi av skyldskiftedokumentet for eignedommen.

Dersom det er merknad til rettinga ber me om tilbakemelding innan **22.10.2023**.

Dersom me ikkje høyrer noko vert grensene lagt inn i eigedomskartet.

Ved vidare kontakt i denne sak, vennligst referer til saksnummer 23/5869. For evt. spørsmål kan sakshandsamar kontaktast på telefon eller epost.

Med helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Morten Mangerøy Helland  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Vedlegg:

Erklæring om bruksrett til kai  
Forslag til retting  
Jordskiftekart  
Matrikelkart før retting

### Kopi til:

Jonny Titland	Dalane 31	5955	LINDÅS
---------------	-----------	------	--------

### Mottakarar:

Alexander Pletten Haugvik	Titlandsvegen 329	5912	Seim
Atle Trædal	Myrdalsvegen 85	5130	Nyborg

**Mottakarar:**

Camilla Pletten Haugvik	Titlandsvegen 329	5912	Seim
Christine Blomberg Angeltveit	Gravdalspollen 18c	5164	Laksevåg
Fredrik Haugvik Bjørkelund	Kyrkjevegen 28u	5911	Alversund
Frode Haugvik			
Helge Martin Fjeldstad	Bruvegen 74	5914	Isdalstø
Henning Johannes Fosse	Grønfjellet 31	5955	Lindås
Inger Marie Jordal			
Jan Erik Storaker	Titlandsvegen 460	5912	Seim
Jan Magne Fosse	Skarsvegen 470a	5911	Alversund
Jarle Haugvik	Titlandsvegen 410	5912	Seim
Karin Haugvik Askeland	Titlandsvegen 412	5912	Seim
Linda Benedicte Albrigtsen	Hesjakollen 25	5142	Fyllingsdalen
Linda Fosse	Askeland 28	5286	Haus
Mats Haugvik Bjørkelund	Austesundvegen 4	5938	Sæbøvågen
Miriam Haugvik	Titlandsvegen 402	5912	Seim
Oddbjørn Haugvik	Titlandsvegen 410	5912	Seim
Rasmus Titland	Titlandsvegen 398	5912	Seim
Reidun Fosse	Skarsvegen 428	5911	Alversund
Reidun Karen Brattli	6 Hartford Rd., Whiting, N.J. 08759 Usa, Us		
Stine Helen Haugvik	Slettevegen 174	5936	Manger
Trond-Eirik Larsen	Hesjakollen 25	5142	Fyllingsdalen